

SYNG SOM FOLK

HILDEGUND  
BRUNHILDA

P. Gassoff

1984

P. Gassoff  
84





# **SYNG SOM FOLK**

Folkeleg songtradisjon frå Romsdal

# SYNG SOM FOLK

## Folkeleg songtradisjon frå Romsdal

Redigert av  
Arild Hoksnes og Marit Rekdal

Transkripsjon: Henning Sommerro

Illustrasjonar: Paul Gåsøy

Andre utgåve tilrettelagt av Rolf Strand

*Blandt bedste ting som Himlen gav,  
er godt og roligt Grandelag;  
Det kjøbes ei for Pænge;  
Et Sammenhold af Fredens Aand,  
Hvor Grande rækker Grande Haand,  
Er det ei som et gyldent Baand,  
Hvor ægte Perler hænge?*

**Claus Frimann (1746–1829)**

Utgeven av Romsdal Sogelag  
Molde 2003

Første utgåve er trykt i 1984 (ISBN 82-90169-09-4)

Andre utgåve er trykt med tilskot frå Margit og Morten Parelius' minnefond

Trykk: EKH trykk, Molde, 2003

Opplag: 500

**ISBN: 82-90169-73-6**

# Innhald

Føreord

## Kapittel 1

Folkeleg song i Romsdal – eit utsyn

Av Arild Hoksnes .....	7
Minne om ein storsongar	
Etter Ola Hola ved Marit Rekdal .....	12
Olav Rekdals innsamlingsarbeid .....	13
«Jeg råde vil alle» frå «Aandelig Visebog» .....	14
Kjelder til visesamlinga .....	14
Korleis bruke notane? .....	15

## Kapittel 2

VISER I ROMSDALSTRADISJON

Alfabetisk ordna etter tittel

1. Abraham satt i Mamrelund .....	16
2. Agnetta og havmannen .....	17
3. Alfabetvisa .....	19
4. Alt forvandles skal til støv .....	20
5. Ballfeittviså .....	21
6. Barnebøn .....	24
7. Bjørnen sat i bakkå .....	26
8. Bondens hustru .....	27
9. Bugge-viså .....	30
10. Den største dårskap .....	32
11. Der stander et slott i Østerrike .....	34
12. Det e ein teng i he tenkt so lengje .....	36
13. Det var en lørdagsaften .....	37
14. Det vokste opp en lilje uti dalen .....	39
15. Drukningsulykke på Romsdalsfjorden .....	41
16. Du bonde med gård .....	42
17. Du Reia, du Reia .....	44
18. Eg gjætteTulla .....	45
19. En smukk kjærlighetsvise .....	48
20. Fenstad-visa .....	50
21. Fra Jylland så monne vi marsjere .....	52
22. Fridtjof hos Agantyr .....	54
23. Godt grandelag .....	56
24. Grisen .....	58
25. Grusomme skjebne .....	59
26. Han Mass og 'n Lasse .....	62
27. Harald Haarderaade .....	64
28. Harpå .....	65
29. Hutte-me-tu .....	67

30. I fjor gjett' i geitå .....	68
31. I Stockholms stad den store .....	70
32. I tente på Kjølstad i fjor .....	71
33. Jeg beiled en gang .....	73
34. Jeg elsker dig min pige .....	75
35. Jeg råde vil alle i ungdommens dage .....	77
36. Ka ska fruå ha te mat? .....	79
37. Kattå vår .....	81
38. Kjiko, kjiko på kalveknokjin .....	84
39. Kjæringa sette seg på porkå og rei .....	85
40. Kjøgemeistervise .....	87
41. Kråkeviså .....	88
42. Laurdagsfriaren .....	90
43. Lise Noragrend .....	91
44. Loppa ho hoppa .....	92
45. Løytnant Lund .....	93
46. Manden og konen satte sig ned .....	95
47. Melken sød at drikke .....	97
48. Molde-visen .....	98
49. Munken .....	101
50. Nu vil jeg fortelle min skjebne så tung .....	102
51. Oppå bakkå .....	104
52. På vakt vest for Ona .....	105
53. Romsdalsvise frå 1749 .....	107
54. Røskatten .....	111
55. Sangen om Alvilda .....	112
56. Sinklar-visa .....	113
57. Sjømannen og bonden .....	115
58. Skjøn jomfru .....	117
59. Slaget på Københavns red .....	119
60. Storthingsvalget .....	120
61. Så gikk jeg meg uti skogen .....	122
62. Tobakksvisa .....	123
63. Valgmandssang til trøst og oppbyggelse .....	125
64. Vestnes-visa .....	127
65. Vinteren er kommen (Sildeviså) .....	129
66. Vise fra Setnesmoen .....	131
67. Wahlstrøm .....	132

## Kapittel 3

SMÅ STUBBAR OG VERS

68. Hulde pige .....	134
69. Selskapsvisa .....	135
70. Dølen gjekk på gata .....	136
71. Ikkje sture .....	137

72. Langskonkjin.....	138
73. Stakkars Pe .....	139
74. Petterusen .....	139
75. Ungdommen no .....	140
76. Den gang jeg var liten.....	141
77. Då eg var liten .....	142
78. Jenten våre .....	143
79. Vesle Petter .....	143
80. Det var ein liten gut .....	144
81. Den sinte kjerringa .....	144
82. Pigerne .....	145
83. No ska' I seie deg.....	145
84. Kjæringja sette seg på porkå og rei (stevversjonen) .....	146
85. Jeg tenkte i mitt hjerte .....	147
86. Prillarguri-trall.....	148
87. Kisseminken .....	149

#### Kapittel 4

##### SETERTONAR

88. Vakne alle seterjentå.....	150
89. Daugstad-Sigrid-låten .....	150
90. Mari-Sigrid-låten.....	151
91. Liljetone etter Rikka Sylte.....	151
92. Liljing og hauk etter Ingeborg Daugstad.....	152
93. Saue-lokk etter bukkehorn etter Ingeborg Daugstad .....	152
94. Ku- og geitelokk etter Olav Rekdal .....	153
95. Krulihauk frå Eikesdalen etter Inga Utigard....	153
96. Kutrall frå Eikesdalen etter Olga T. Utigard ....	154

#### Kapittel 5

##### BANSULLAR

97. Røven gjekk på setrå .....	155
98. Græt du, barnet? .....	156
99. Pissi sat oppå omna .....	157
100. Bansull etter Johanna Skeidsvoll.....	158
101. Voggetone etter Johanna Skeidsvoll .....	158
102. Far stod og stappa korn.....	159
103. Bokkjin stod i brynja .....	160
104. Sov, sovan lill .....	161
105. På gullanveg .....	162
106. Ikorn stod på volla og slo.....	163
107. Kua stod på Dovrefjell.....	164
108. Rie, rie ranke .....	165

109. Kua gjekk på grønne voll.....	166
110. Sulla, lulla ba'net.....	167
111. Danse, danse dele .....	167

#### Kapittel 6

##### REGISTER

Ordforklaringar.....	168
Personregister med korte biografier.....	171
Litteratur .....	175
Førstelinjeregister.....	176
Etterord (2003) .....	176

## Føreord (første utgåve)

Denne samlinga inneheld 111 songar og viser i folkeleg tradisjon frå Romsdal. Dei spenner frå mellomalderballadar til moderne skillingsviser. Alle visene har tone, som også er nedskreven slik han er blitt sunge på bygdene våre. Med denne bakgrunnen er det vårt håp at «Syng som folk!» skal bli ei bruksbok. Dei som vil lære etter øyret, kan få kjøpe ein kassett der tonane er innspela.

Romsdal Sogelag fekk tilbod frå Marit Rekdal om å gje ut eit manuskript med song- og visetekster som faren, Olav Rekdal, etterlet seg. Då mange av tekstene mangla tone, tok Romsdal Sogelag kontakt med Arild Hoksnes for å få hjelp til å finne moglege tonar til dei mange tekstene. På den måten kom han med i redigeringsarbeidet. Etter kvart som arbeidet gjekk framover, kom det for dagen meir innsamla stoff av dette slaget enn venta, og ramma for boka vart utvida. I det endelege manuskriptet er det derfor med ein del tilfang som andre har samla inn.

Henning Sommerro tok på seg den store oppgåva å transkribere og reinskrive tonane. Paul Gåsøy fekk i oppdrag å illustrere boka. Stor takk til alle dei som har vore kjelder til boka. Alle opphavsmenn og -kvinner er nemnde so langt det har vore råd å spore dei opp.

Bjørn Austigard skal ha stor takk for at han har brøyt veg og sett mot i oss.

*Redaktørane*

## Folkeleg song i Romsdal – eit utsyn

Av Arild Hoksnes

---

Eit utsyn over folkeleg song i Romsdal – det blir som å *skimte* blånen av storhavet rundt naustnova, sanse endelausa vidder og kav, og samstundes vite at du kjenner berre nokre famner av det.

Om eg ror leja midtfjords, kan eg likevel få eit tolleg godt inntrykk av kva som rører seg. Eg ror lett og ufarleg, og skåten er ikkje tyngd av anna folks kjennskap til dette landskapet. Det er ikkje mange som har brydd seg om å skrive om folkesongen i bygdene våre, so eg trør ingen for nære. Vitskapsmannen står att i støa med hatten i handa, det er rorskaren som ser. Eller er det skårungen?

### Romsdal og sammlarane

Folkemusikksammlarane har vore sjeldne gjester i Romsdal. Då tenkjer eg på dei retteleg store sammlarane: Ludvig Mathias Lindeman, Catharinus Elling, Ole Mørk Sandvik og slike. Det er lett å erge seg i dag over at dei valde Valdres og Setesdal, Gudbrandsdalen og Østerdalen framfor oss, men dei skal no likevel ha takk for det dei gjorde.

Det var først på begynnelsen av 1800-talet at dei braut seg ut, dei lærde kunstmusikarane, som skulle finne «folkesjela». Nasjonalromantikk og fedrelandsrus dreiv dei ut på flat mark; borgarskapets idealistar trakka lyng og rabbar på leiting etter folkemelodiar. Dei ville finne materiale til kunstmusikken sin; ja, den eine ville fornye salmesongen i kyrkja, som gjekk so ofseleg tregt. Motiva var dei beste, tida var den rette, og vonbrota var store. Det blei ein ufatteleg kamp for å få kjerringane i årestuene til å skjønne sitt eige beste. Når dei baska seg i veg, sammlarane våre, ville dei ha *balladar*, *stev* og *sull* – ikkje allslags «tull» som folk ville syngje for dei. Då L.M. Lindeman skreiv rapport til «Det Akademiske Kollegium» i 1850, var han rysta: «Søger man Melodier, som det kan lønne sig Umagen at optegne, maa man finde sig i at høre på alskens intetsigende Kram, og lirke saalenge, indtil man kan faa draget frem for Lyset, hvad der dukker op for selve Folket næsten som ubekjendte eller forglemte Ting; thi de gamle Viser og Sange forglemmes alt

mere og ligesom begravet af den hele Sværm af nyere mere eller mindre verdiløse Sange.»

Lindeman kom inn i ein stim av skillingsviser, stakkars mann. Tenk deg at du i morgon sender ein bunke med «Se og Hør» til Norsk Folkemuseum og tryglar dei om å ta vare på blada! Ja, omtrent so gale var det for han ogso.

### Romsdal og status

Romsdal kunne ikkje hoste opp særleg med mellomalderballadar, og heller få folkeviser av det kaliberet desse karane var ute etter. Det er ein av grunnane til at Romsdal ikkje har same status for folkemusikken sin som andre bygder. Den lagnaden deler me forresten med dei fleste kystbygder her i landet.

«Det eldste er best.» Slik tenkte nok dei første sammlarane, og slik tenkjer også me. Di nyare ei kulturytring er, di mindre verd er ho. For folketonesammlarar kan arbeidet ofte arte seg som ei endelaus vandring blant menneske på gravens rand, eit siste forsøk på å redde stumpane av gammal stordom. Det ligg i oss frå romantikken, då det galdt å skaffe argument for ein nasjonalstat med eigen, høgverdig kultur. Og som nasjon hadde me vore fattigare utan den nasjonale kunstmusikken; utan Grieg og Halvorsen hadde den norske høgrefoten halta. Men det er sammlarane og vitskapsmennene som har fyrt under og laga *klisjear* og *haldningar*. Folketoneutøvarane har sjeldan vore ideologar.

Spørsmålet som dukkar opp i kjølvatnet etter denne skuta, er: Kva er *folkeviser*, og kva kan kallast *folkemusikk*? I nasjonalromantikkens ånd vil somme prøve å sette grenser ved visse *typar* av viser eller slåttar. Gjerne set dei grense ved eit årstal, som ligg ein eller annan stad rundt tida då det første trekkspilet eller dei første skillingsvisene kom. Då gløymer dei lett at all folkekultur er i utvikling. Like sikkert som eksplosjonsmotoren måtte avløyse åttringen, måtte mellomalderballaden vike for skillingsvisa, og skillingsvisa i sin tur for grammofonplata. Me kan like det eller ikkje!

Det er derfor eit dårleg utgangspunkt for ei visesamling frå Romsdal å telje opp kor mange *balladar* me har, eller kor mange folkeviser med stor F som finst i Romsdal. Då hadde me greidd oss med permanente.

## Visa om Riksmøtet i Bud

Det eldste brotstykket av ei vise frå Romsdal er knytt til Riksmøtet i Bud i 1533. Arne Magerøy bladde i ein gammal skuleprotokoll frå Bjørnsund, og fann der eit laust papir med eit rim på. Det hadde overskrifta «Bolle sju» og har nok vore drikkevise:

Hr. Christi Far Risting han rister sit Svær  
og sine Haarlokkers Brog.  
Karl Burmand børte Os tveimærk Smær,  
fem fiskende fine Knog.  
Ack tvindeti Thomas Talgeljus,  
Hald Bismarpund sikta Miøl  
til Marimessetid Rustings hus.  
Hellig Ola og Erik Bispen sjøl  
ack danne Mændenes Bolle sju.  
Bolle sju, bolle sju  
Skal komme, skal komme  
til Ridderen sadler i Bud.

Dette verset, som har levd på folkemunne, viser tydeleg til møtet i Bud i 1533. Kristoffer Rustung var erkebisp Olavs høgge hand. Kanskje kan dette brotstykket vere yngre enn 1500-talet, men det viser seg gong på gong at storhendingar i historia avlar ei spontan vise eller fleire (jf. Sinklar-visa). Det finst fleire. Eit lite rim frå Bud er slik (Magerøy, 1961):

Riddarsalens drengje  
dei flyg utan vengje  
veggin opp og ned  
med stramme buksekne  
og bukkhonnsnytte labba  
på nabba.

Dette verset omtalar eit mellomaldersk fotty: Det er snute-labbar av led, med laus tresole, som ein sjølv sagt måtte ta ut av når ein skulle klive ein nabbestige.

## Harpå

Det fører ingen stad å prøve å datere viser, sopass usikkert er det å uttale seg om folketradisjon. Eit eksempel på dette kan visa «Harpå» (nr. 28) vere. Eg er ikkje i tvil om at dette er den eldste visa med tone i Romsdal, slik ho her er teken vare på. Det stokk likevel i meg då eg fekk vite at ei form av denne visa var trykt i eit av dei vekeblada (illustrerte magasin) som kom på 1800-talet. Ei vise treng altså ikkje å vere gammal som all stein, fordi om ho ser ut til å vere det.

Det som likevel gjer meg trygg på at denne visa har andre anar enn illustrerte vekeblad, er tonen. Han ber alle merke på alderdom og er ein pryd for teksten. Ein slik tone ville *ikkje* leve jamsides med ein 1800-tals vekebladtekst.

Emnet for «Harpå» er kjent gjennom viser og segner so å seie frå heile verda. Det byggjer på truer om sjelevandring og omskaping: Ein som er død, kan komme att i ei omskaping. I dei eventyra me kan finne i Europa, Asia og Afrika med dette emnet, er det ofte ei ovundsjuk jente som drep søster si. På grava åt den drepne veks det opp ei selje, som ein gjetar lagar ei fløyte av. Gjennom fløyta får dei høyre målet åt den drepne – ho fortel om drapet og kjem med klagemål mot mordaren.

I Noreg blir visa ofte kalla «Dei to søstrene». I romsdalsversjonen er det ei søster som tek livet av den andre. Det kjem nemleg to friarar til garden, og *begge* vil ha den yngste. Liket av den yngste driv i land på ei strand, og ein mann lagar ei harpe av dei forskjellige kroppsdelane hennar. Denne harpa spelar spelemannen på i bryllaupet åt den eldste dottera. Harpa røpar mordaren, og ho blir brend på bålet.

Spesielt for vår versjon er at delar av visa blir dregne saman, og *fortalde*, utan tone.

Me kan seie denne visa er svært gammal på grunn av *innhaldet*, men ogso *forma*. Visa har nemleg *balladeform*. Dei nordiske balladane kan nemleg ha berre ei handfull strofeformer, og dette er ei av dei vanlegaste: toline-form med mellom- og ettersleng.

Mellomsleng: – *Sol skiner fager i lide*

Ettersleng: – *Den yngste går aldri utav min hu*

Dette lyriske omkvedet gjev grunnstemninga i visa. I dei lengste variantane av visa er det mellom 40 og 50 vers. Romsdals-versjonen har 19, ved sida av at me kan lese 7 vers ut av den samandregne teksten.

Det er *ein* mann å takke for at denne sjeldne visa er teken vare på, både med tekst og tone: Olav Rekdal.

## Agnetta og Havmannen

Vise nr. 2 i samlinga vår er nok også ein ballade, med vide kjent motiv (Tyskland og dei baltiske landa m.a.). Temaet i visa er ein klår parallell til den kjende visa om «Margit Hjukse». Margit blir teken inn i berget åt bergkongen, medan ho Agnetta følgjer ein *Havmann* ned til botnen.

Slike naturmytiske viser er det fleire av i norsk folkesong, men det er den einaste i samlinga vår.



Visa i seg sjølv er nok ikkje mykje yngre enn visa om Margit Hjukse, men *denne forma* har nok komme til Noreg i nyare tid, truleg som skillingstrykk på 1700-talet.

Det er vel elles berre å legge til at eit eventyr i havet høver seg best for ei vise som er funnen på Sandøya.

### Sinklar-visa

er lett å tidfeste, fordi me veit at Edvard Storm skreiv ho i 1781. Men før den tid har det eksistert ei anna vise om denne vidgjetne skotteferda i 1612. Denne hendinga har sjølv-sagt inspirert til visedikting. Me skal komme i hug at visedikting i eldre tid særleg var eit *informasjonsmedium*, på same måten som avisene og dei andre media i dag. Me kan vere temmeleg sikre på at det ganske snart etter denne hendinga vart dikta ei vise om slaget. Hans Peter Schnitler skriv i sin «Beskrivelse over Romsdals Fogderie» frå 1768 at dei song ei vise i Romsdal med mellom andre *dette* verset:

Der ligger en klippe i Gudbrandsdall  
som mand monne Kringen kalde.  
De laae De Norske paa mængde Tall,  
henvend fem Hundrede Alle.  
De skandset for sig og gjorde Muur,  
opreiste Steene mange,  
og laae De der som Kat paa luur  
naar hun vilde Musen fange.

Spor av *denne* visa har eg ikkje funne i det materialet eg har vore innom hittil, og den «Sinklar-visa» (nr. 56) som er med her, er altså skriven av Edvard Storm på slutten av 1700-talet.

### Visedikteren Lars I. Sæbø frå Måndalen

Den første namngjevne visedikteren i Romsdal er frå Måndalen. Han heiter Lars Ivarsson Sæbø, var fødd omkring 1720 og døydd tett etter nyåret 1769.

Han blei oppskula til underoffiser i København. Det var av norske studentar i den danske hovudstaden han lærte diktekunsten, blir det sagt. Asbjørn Sæbø (1960) har fortalt om han: «Då han og ein student gjekk etter gata ein dag, gjorde dei eit vågemål om kven som først kunne lage eit vers. I same augneblinken fekk Lars sjå ein kanarifugi i bur i eit glas, og so song han:

Set Fuglen i forgyldet Bur  
og giv den Sukkerbrød.  
Det stemmer ei med dens Natur  
om Føden er den sød.

Saa du dens lille Hjer-teand,  
den elsket heller Frihetsstand.  
Et Bygkorn endog sød den var,  
om den sin Frihed bar.

Slik vann han då vågemålet.

Då han var komen heim att, trulova han seg med ei jente frå Vestnes, men ho «gjorde narr» av han og gifta seg med ein annan. Underoffiserane reiste i dei tidene ofte omkring mellom militærlegdene for å sjå etter at soldatutstyret var i god stand. Då jenta på Vestnes heldt bryllaup, høvde det seg slik at han Lars var ute på inspeksjon og vart skyssa av to mann i båt langsmed Vestneslandet. Det var sjølv-sagt stort styr og ståk i bryllaupsgarden, og so song han på bygdemål åt skysskarane:

Veit de kva so e på fér  
oppi Væstnæsgara her,  
følkje e so gale?  
Som' fér ut og som' fér inn,  
somme fér so tørka sjinn,  
somme fér so smale.

Lars Sæbø blei gift med Alet Ellingsdotter Bruaset («ho er so fin at småbjørkja lægg se før 'na når 'o gjeng heimover Bruasætøygarain», blei det sagt). Dei budde på Vågstranda, og det var her Lars visstnok henta inspirasjon til den visa som me må kalle den eldste med namngjeven opphavsmann i Romsdal. Asbjørn Sæbø fortel: «Medan han budde på Vågstranda, ville han vøle skorne sine ein torsdagskveld, og han spurde derfor ei kvinne i losjiet om ho ville spinne litt skotråd. Men sidan kyrne alt var sette i fjøset til natta, torde ho ikkje ta på seg det.

– Jesus vart sviken ein torsdagskveld, og etter den lære eller tru som folk hadde i Lars si tid, ville det gå ille med alle som fann på å spinne etter at kyrne var klavebundne torsdagskvelden.»

Av visa, som i denne samlinga er kalla «Romsdalsvise frå 1749» (nr. 53), går det fram korleis folk låg under for overtru på denne tida. Lars Sæbø ville ta eit oppgjer med desse truene, og må soleis kallast ein «rasjonalist», ein opplyst mann for si tid.

### Opphavsmann til tekst og tone

Fleirtalet av visene i folkesongen veit me ikkje opphavet til. Dette er viktig å ha for augo når me innimellom finn sikre

kjelder om opphav, slik som med Lars Ivarsson Sæbø. Innpå 1800-talet og vårt eige hundreår er det tettare mellom dei sikre kjeldene, slik at opphavsmann til tekst og tone oftare kjem fram. Likevel er det dei *anonyme* opphavsmenn som pregar folkesongen.

Dette har lite å gjere med at det er den «blyge, sky folkesjela» som har skapt tonane og tekstane. Tonane og tekstane har gått i arv lenge før ein begynte å bry seg om opphavsrett. Det var 1800-talets industrialisering og kremmarvesen som gjorde at folk blei opptekne av åtene pengar på åndsverk. Pengehushaldet gjorde at kunst og kultur også blir ei *vare*.

### Tonane

Folketonane har sjølv sagt sitt opphav «ein eller annan stad». Det viktigaste forrådet av folkeleg tonekunst kjem frå *salmebøkene*. Det finst fleire eksempel på at kjende folketonar er omforma salmetonar, t.d. av Thomas Kingo (1634–1703).

Det viktigaste poenget med bruken av folketonane er at dei er blitt *måta til* tekstar: Me kan tenkje oss eit lager av tonar som har levd mellom folk. Desse tonane og det versmålet som passar, har vore grunnlag for dei visene som er blitt dikta. Enkelte tonar er blitt svært mykje nytta, t.d. «Jæsku au ha løst ...» (sjå vise nr. 60).

Innimellom har det sjølv sagt vore tonekunstnarar som har skapt sitt eige, altså laga ein levedyktig tone. Eg trur likevel hovudgrunnen til at me kan finne att omtrent same tekst til vidt forskjellige tonar over heile landet, er at versmåla (mønsteret) for visetekstane har vore få, og at kvar kunne måte til tonar etter eiga evne.

### Tekstane

Både for tone og tekst gjeld det at dei er forma i munnleg tradisjon, og at dei då ofte kan ta underlege vegar. Ein levande og sprudlande visesongar som Eina Veltå (sjå seinare) har nok sett eit svært personleg preg på songane. Det er kunstnaren som *broderer*. Men amatøreren har også hatt hand om songane – og resultatet av den handsaminga trong ikkje bli like godt.

Eg har alt nemnt namn på visediktarar. Det er *fåtalet* me veit namnet på, som sagt. På same viset som med tonane gjeld dette at opphavsrett var uinteressant. Dei som samla folketonar, har heller ikkje brydd seg om det, særleg fordi det i beste romantiske ånd heitte at folketonane og visene skulle vere anonyme. Anonymitet har til og med vore brukt

som definisjon på folkemusikk. Enno i dag kan ein oppleve at folk blir skuffa når dei får vite opphavet til ein folketone eller ei vise. Særleg vanskeleg er det å bite i seg at ikkje alt er so særskilt norsk. Import og utveksling, blanding og samansmelting er kjenneteikn for folketradisjonen. Slikt grisar til stien for dei som vil halde han «rein og norsk».

Tekstane har ofte førebilete som ikkje er særnorske, tema dei tek opp er allmenne, og dei beste tekstane har levd fordi dei har *treft folk heime*, både i skjemt og alvor.

### 1800-talet og skillingsvisene

Det er ikkje heilt rett å knyte skillingsvisene berre til 1800-talet. Dei eldste visene kom på trykk i Tyskland og England alt på slutten av 1400-talet, i Sverige og Danmark mot slutten av 1500-talet. Det første trykkeriet i Noreg kom ikkje i gang før i 1643. I 1647 kom den første norske folkevisa på prent: «Ramnebrudlaup i Kråkelund» (sjå nr. 7). So tidleg som i 1630 hadde likevel presten Peder Rasmussøn frå Vol da fått trykt fire viser i København.

Skillingsvisesamlinga i Det Kgl. Norske Videnskabers Selskabs bibliotek i Trondheim inneheld 1500 forskjellige viser, som spenner over 400 år. Samlinga er ikkje stor i forhold til det som blei trykt, men representativ. Der er 7 viser frå 1500- og 1600-talet, 95 frå 1700-talet, *heile 300 frå 1800-talet*, og 50 frå vårt hundreår. Den siste skillingsvisa er frå 1951 og handlar om skeisekongen «Hjallis». Soleis er det rett å kalle 1800-talet for skillingsvisa sitt hundreår.

Det var sjølv sagt boktrykkekunsten som gjorde det mogleg å mangfaldiggjere visetrykk i store opplag. So blei dei selde, gjerne av kramkarar, for 1 skilling (om lag 3 øre). Utetter 1800-talet, i den store blomstringstida, steig prisen til *to* skilling. I «Valgmandssang» (nr. 63) står prisen i siste verset:

Og hermed gutter,  
visa slutter  
to skilling koster 'a – hvis ingen prutter.

Dette var i 1862; rundt første verdskrigen blei prisen 10 øre. Det er heller ikkje rett å dra fram dei gråtsprengde, søte kjærleiksvisene som det beste eksempelet på skillingsviser. På skillingstrykk kom *religiøse viser, nyheitsviser, moraliserande viser, humoristiske viser, rallarviser*, viser om *sjømenn* og sjølv sagt *kjærleiksviser*.

På 1800-talet blei det *marknad* for folkeleg lesnad. Der som ein absolutt vil stemple skillingsviser som mindrever-

dige, får ein i same ordet ta med vekebladfloraen vår i dag. Kiosklitteraturen og enkelte laussalsaviser ligg tynt an med ein slik dom.

Det er viktig å hugse at visetrykka også var *lesestoff*, kanskje det einaste «populære» lesestoffet i ein familie.

### Skillingvisespråket

Me reagerer likevel på språket i mange av visene frå 1800-talet. «Språket i skillingvisene går på stylter» (Dahl, 1980). Det er eit formelspråk med faste klisjear. Dette språket var også gammaldags og forelda for publikum i samtida. Nesten all skillingvisedikting på 1800-talet brukar slikt forelda «høgglitterært» språk, som kunstdiktinga då har forlate. Det er høgromantikken sitt diktarspråk som då sporar diktarspirer til å lage viser. Eksempla er mange, også i denne samlinga.

Ikkje rart at det spratt opp for hardhausar av gamlesorten, som han Endre Berg innpå Nesjestranda, då han måtte døyve denne:

Gud unde mig et daglig brød  
og efter døden Himlen sød,  
da har jeg rikdom nok.

« – Ja, ja, sa han Endre: – Når Gud vil unne me' eit dagleg brød og ein salig død, so kainn det sia jevelen hengje me' opp skure.» (Ms O. Rekdal)

Elles er mykje av språket i denne samlinga laupskaus av dialekt, riksmål, svensk og dansk. Slik blir det gjerne i ein munnleg tradisjon, og det er ikkje stort å hengje seg opp i. Hugs for all del at folkeleg song er munnleg, same kor lyst me har til å dvele ved det litterære.

*Handskrivne visebøker* har det vore i nesten alle heimar. På same måten som tenåringane i dag klypper ut hit-tekstar av vekeblada, samla folk viser i kladdebøker.

Skillingstrykka har aldri tonen med. Det er vist til ein tone, eller so står det ingen ting. Her kjem dette med å *måte til* igjen. Det er t.d. utruleg mange viser som kan syngjast etter tonen til «Alprosen».

### 1900-talet

Skillingvisisa døydde i 1914. Etter første verdskrigen tok grammofonen over. Det slong nok med skillingstrykk etter den tid, men stordomstida var på alle måtar over. Typisk nok har vekeblada blitt eit forum for opplivingsforsøka på skillingvisene. Først ute var Alf Prøysen i 1950-åra, og «Frem

fra glemsele»-suksessen syner at skillingvisisa *som genre* er seigliva.

Det har sjølv sagt vore lokal viseproduksjon etter første verdskrigen. No gjekk me inn i den store *organisasjonstida*, og eit naturleg forum for visediktarar er *ungdomslaga*, i lag-savisene. Der har både «På vakt vest for Ona» (nr. 52) og «Vinteren er kommen» (nr. 65) blitt til.

Frå vårt hundreår har me elles Olav Rekdal sine ord for korleis det stod til med folkesongen i bygdene våre. Han samla mesteparten av stoffet i Romsdals bygder i åra 1923–24, og vidare i 1932, 33 og 34. Han fortel: «Gamletida heldt på å gå i gløymeboka alt i 1920-åra. Folkeminnet hadde berre so altfor ofte halvgløynde stubbar og stykkje å by på, i staden for heile viser.»

Olav Rekdal sitt arbeid er likevel svært rikt, og berre ei vise som «Harpå» er alt strevet verd.

### Småstubbar, barnesull og setertonar

Desse kategoriane av folkeleg song har komme litt på sida slik framstillinga mi er lagt opp. Denne tradisjonen er likevel svært viktig, og etter mitt syn *svært rik* i Romsdal. Han er også den mest munnlege av all folkeleg song, knytt til arbeidsliv og dagleg syssel.

Likevel skulle ein vente at *kystmiljøet*, fiskeria, hadde vore meir synleg i visetradisjonen. Jarle Sanden fortel i «Ro fram, la gå not!» at det kunne bli dikta «notaviser». Ein notbrukar på Gossa kom i hug omkvedet på ei vise som blei laga om bomkast eller når nota sette seg fast. Han låg på notavollen og song:

Hol uti hol  
hol uti bomfallera  
hol uti hol  
hol uti bom

Eg kan ikkje fri meg for å tenkje på kva fangst me hadde gjort om nota hadde halde og mauskene hadde vore tronge når me drog på visefangst gjennom årtidene. Dessverre er det «Hol uti hol, hol uti bomfallera ...»

# Minne om ein storsongar

Etter *Ola Hola* ved *Marit Rekdal*

Folkemинnesamlaren Ola Hola har gjeve oss so inderleg fin ei skildring frå den tida då orda og tonane i denne boka verkeleg levde på folkemunne. Minna er knytte til storsongaren Eina Knutsson Veltå frå Eidsvågja. – Me let Ola Hola fortelje:

Han Eina var fødd på Veltå den 27. desember 1817. Tå utsjånad var'n noko høgvaksten og lett og snåp tå seg. Han hadde blåe augo og ljøsbrunt hår som var krulla i nakken og attmed øyro. Det var eit slikt levandes glimt i augo hass Eina, og han hadde nokre forunderleg løygne miner. Når folk såg på'n so vart dei godlåtne og måtte smile anten dei ville ell' ei. Han Eina hadde eit fint, sterkt mål og var ein makalaus songar. Viser og salmar kunn'en mesta utan ende, og var det so det trongtest ved eit høve, so gjord'en både visa og tonen etter kvart som han song. Aldri let han noko av det slaget som folk kalla skalkeviser (nidviser).

Songen følgd'en Eina kvar'n for. Var'n i arbeid, so tok'en helst tå dei ei lystigaste visene sine so snart det var ei kvilstund – til glede for både seg sjølv og arbeidskammeratane. Var'n i skog og mark, so song'en, men var n oppå fjellet, oftast sammen med vener, då song'en riktig ut so de svara i berg og nutar. «Som den gyldne sol frembryter» stemte han ofte i oppe på høgden. På samlingar var det gjernast han Eina som song føre, so sant han var til steds. Salmane song'en jamt på gamletonen. Når me var komne inn etter endt arbeidsdag, var det ofte han Eina song åt oss, og då blei det liksom helg og høgtid. Somtid stevja'n og det var no det grømmaste tå alt. Hadd'en ikkje nokon å stevjast med, so song'en for begge partane. Når'n song det som jenta skulle sòngje var tonen mjuk og grann som han skulle vera, men når'n svara for guten vart det karamål att. Akkurat som ein hadde høyr't ein gut og ei jente stevjast! Då var det liv i stauen! – Men det var likevel ingen gong at han Eina hadde meir takksame tilhøyrarar enn når'n tok små-borna på fanget og song glade småstubbar som t.d. «Litl-Olamann, spela lite grann» ell' «Kalven dansa og rompå slong, presten preka og klokkar'n song.»

Ho mor tala om at då ho var ung og var heime på Aspøy'n, var det mange båtar som segla forbi på Fosenreis. Han Eina var ofte med der på Ørabåta, og då song'en heile vegen med dei segla innerter. Når folk fekk høyre målet hass bort-

på fjorden so varskudde dei med ein gong: «No kjæm'n Eina!» og då gjekk både ung og gammal ut på hammaren framai husa og sette seg for å høyre songen. – Det var ein gut som heitte Torstein som au var ein mester til å sòngje. Ein gong han Eina hadde gjort seg ferau med ein lang song og stansa litt. So begynt'en Torstein å sòngje og svara 'nå Eina. Han Eina tagde då, men med det same han Torstein hadde sòngje visa ut, so svara'n Eina. Både tonen og orda på songen var slik at tårane rann på dei som høyrde på. Denne gongen greidde ikkje han Torstein svare, og det vart ein utruleg stans. For å lette på stemninga klemt'n Eina i med ei vise som alle måtte storle åt.

Han Eina var godt kjent med Bjørnson-familien den tida dei budde i Nesset. Bjørnson sjølv skreiv om 'en Eina at han var «den morsomste, den vittigste mand jeg har kjendt. Han gaplo og snakket, men det var aldrig noget ondt. Han stevjet som en mester. Det var som om folk alltid måtte være der, hvor han var. Når han kom til prestegården, var jeg salig. Jeg elsket og tilbad ham. Jeg fulgte ham hvor han gik». I 1888 vitja Bjørnson venene sine frå barne- og ungdomsår i Nesset. Det var laga til stemneplass ute og mykje folk var møtt fram. Han Eina var an komen og sat i flokken nærast 'nå Bjørnstjerne. Etter at dei hadde tala om laust og fast ei tid, so reist'en Arne Hansgarda seg og såg utover folkehopen som om det var noko han såg etter. Rett so det var sei'en: «Du Eina, sòng ei vise ell' to åt oss». Det vart stilt. Alle såg etter 'nå Eina – han sat på ein benk lengst til høgge – alldeles stille. Gaunt'n det ikkje skal tru? Folk vart sittande og undrast, for'n Eina var ikkje lik seg på noko vis. Han såg utover folkehopen med slikt levandes blit åsyn at «dei log kvar tonna ti 'nå». Slik vart han ståande ein grann og sjå og vente seg eit par gonger og såg attover. Karane smilte. Ein tå dei kviskra åt 'nå Bjørnson: «Hågge, støtt slik gjorde gammelklokkar'n, han Skul-Erek au, når'n kom frammi kordøra i Røkjerkjen og skulle begjønne å sòngje offersalmå om høgtidsdagan. Han an vente seg og såg attende om presten sto feran for altera før'n smurte til å sòngje». So tok'en Eina til. Han song for det meste tå det han hadde dikta og lage tonar til sjølv, men an nokre andre viser. Først song'en Sant-Ola-visa. Siste verset lydde slik:

Høyr Sant-Olas Klokkeur-omen  
dei kimar inn i stille stunder  
Dei er hans tolk til Noregs folk  
med helsing hist frå Nidarosdomen



Deretter song'en ei vise som begynte slik:

Ein einsleg fram på vegen går  
i verden vide  
og trur han snart ved målet står  
men er så langt avside  
Og kanskje alder fram han når  
det er so stor ei kvide

Det var mange vers på denne visa. Ho begynte sørgmodig, men endte med glede. Tonen vart ender og gong 50 vemodig at det gjekk reint inn på kvekje på somme tå gamlekarane. Han Anders Bokt'n og fleire tørka med handbakjen. Vidare song'en Eina mange viser med ymse innhald, au morodikt og barnsullar. Mellom desse var det ei som begynte slik:

I minnes rett oftå ein laurdagskveld  
då ho Åshild spela på lur'n  
I kjente den tonin så inderleg vel  
frå Setersteina opponde ur'n.  
Før sola var glada på Vetakolla,  
var I alt framme på Grønlivolla.

So følgde:

Ho Litl-Turid med rokk og tein  
spann på sitt bruralin  
og tøydde trå'n so grann og fin  
Sola ned om ljørin skein  
kattå mol på gruestein,  
han Iva ressa runå.

Å holi me fer kjerring i he fått  
ikkje kan ho spinne ikkje he ho rokk  
inkje kan ho bende, inkje he ho sokk  
Slettest inkje kan ho bøte gammelbrokja mi  
hellen ikkje døsa si. Endå er ho småsk.  
I var so Gammel-Gjerdin sa: Retteleg ein tosk.

På denne siste visa var det fleire vers, og det var slik leikande frisk tone og takt. Det var so ein måtte følgje takten anten ein ville ell' ikkje. Han Arne Hansgarda treiv'en Litl-Hans og smurte til og danse ein gammaldags dans etter songen hass Eina so det berre sto etter. Då'n Eina var ferau, sette han seg ned. Han Bjørnstjerne gjekk bort åt 'nå og takk'an med nokre hjartelege ord der'n mellom anna sa: «Du Eina fekk meir enn me andre.»

## Olav Rekdals innsamlingsarbeid

Mange av dei visene Olav Rekdal fann på sine samlingsferder i 1920- og 1930-åra, hadde han alt tidlegare lært, eller skrive ned, etter mor si eller farmor si. Han hadde nokre universitetsstipend som støtte til dette samlararbeidet, og som ei førstegrøde av det vart i 1933 samlinga «Eventyr og segner. Folkeminnet frå Romsdal» utgjeven av Norsk Folkeminnelag og Romsdal Ungdomssamlag.

Dei som gav Olav Rekdal visene og stubbane, er stort sett dei same som han fekk eventyra og segnene med. Det var gamle og unge, kvinner og menn frå dei ytste øyar til dei inste fjordar.

Han konsentrerte seg om det som var *eldst*; dei nyare visene kom med seinare, særleg slik han fann dei hos nærskylde folk på Rekdal. Dessutan kunne han bruke viser frå ei handskriven bok frå Misfjord i Vestnes (datert om lag 1830). Han fann nokre få viser som var *svært lite utbreidde*. Mellom desse sjeldne er «Harpå» (nr. 28), «Agnetta og havmannen» (nr. 2) og «Kattå vår» (nr. 37). Desse visene fann han også berre i munnleg tradisjon.

Elles fann han landskjende viser som «Per Spelemann». «Pål sine høner», «I gjette Tulla» osb. (Rekdal skriv: «no landskjende viser». Dette kan tyde på at desse kjende visene hadde eit sjølvstendig liv også i Romsdal, før dei kom i skulesongbøkene.) Der Romsdals-tradisjonen ikkje hadde noko vesentleg originalt å by på, har han ikkje slike viser med. Likevel kan Romsdalsléten komme fram i ei kjend strofe: Som han P. Mittet på Veøya song «Å køyre vatten og køyre ved, å køyre timmer over *ei'e*». Det er ikkje i motbakke «over heia» tømmerlasset går i Romsdal, men over eidet. Og det kan endå gå an.

Fleire av visene er hos Rekdal sette saman av brokkar frå fleire bygder. Denne måten å *rekonstruere* på har me måtta følgje opp i denne samlinga med dei visene som ikkje er frå hans samlingar også.

Rekdal skreiv ikkje ned tonar, men han hugsar ein del. Desse tonane vart spela inn på band dessverre altfor seint, og delvis også med svært dårleg teknisk kvalitet. Rekdal understrekar fleire gonger at «stort til song er det no ikkje». Med kunnig hjelp av Henning Sommerro har likevel desse opptaka gjort si nytte.

A.H.

## «Jeg råde vil alle»

Frå «Aandelig Visebog» av M.A.I. Røe frå Aukra

«Jeg råde vil alle i ungdommens dage» er ein av dei mest kjende bedehussongane våre. Han finst i «Sangboken», og der står namnet Einar Skaatan ved sida av Mads A.I. Røe. Bak «Røe» står eit lite spørjeteikn.

Soga om «Jeg råde vil alle» er litt meir komplisert enn me her kan få inntrykk av. Ho er i alle fall 145 år gammal, og tek mange kronglete vegar før ho hamnar som «Jeg råde vil alle» i «Sangboken».

Det finst eit skillingstrykk i nokre papir etter Knut Andersen Slenes (f. 1814) frå Eresfjord. Dette trykket har overskrifta «En nye Vise» og er datert Lillehammer 1839. Visa har 15 vers, og det 9. begynner slik: «Så råder jeg alle i ungdommens dage ...». Første verset begynner «Kom hid mine venner ...».

I 1847 kom boka «Aandelig Visebog eller Christelige Sange, samlede og udgivne af Mads A.I. Røe». Han var frå Rød på Aukra, og denne visesamlinga blei svært populær på slutten av 1800-talet. Ho kom i heile fem opplag, noko som var heller uvanleg på den tid. Boka var endåtil kjend på Færøyane. Ei av tekstane her er «Kom hid mine venner» med 8. verset: «Så råder jeg alle ...».

Det er ein viss forskjell på versjonane frå 1839 og 1847. Frå skillingstrykket kan me få inntrykk av at det er ei jente som er «Jeg-personen» i visa, og at ho har komme i «ulykka». Dette kan me ikkje lese ut av versjonen i Røe si bok.

I 1903 var folketonesamlaren Catharinus Elling på tur i Romsdal. Han skreiv ned tonen til «Jeg råde vil alle» i Innfjorden, mest truleg etter den religiøse felespelaren Johan Jonsen Storhjellen (f. 1852). Det er tilfeldig at nettopp denne Innfjords-tonen blir hengande ved visa. Det finst eit utal ulike tonar til visa i fleire bygder, også i Møre og Romsdal.

Det ser ut som om Elling har skrive ned berre eitt vers i sine notat, nemleg «Så råder jeg alle».

I 1935 skulle det innviast eit nytt bedehus i Kvelde i Vestfold. Til opninga blei Einar Skaatan beden om å skrive fleire vers til denne songen. Han laga tre vers, og «Jeg råde vil alle ...» er det første verset i den nye songen. *A.H.*

(Sjå note under nr. 35)

## Kjelder til visesamlinga

**Lb:** Lydband

**Ms:** Manuskript

### Ms Olav Rekdal

Olav Rekdal sitt maskinskrivne manuskript til ei bok nummer to med folkeminne frå Romsdal. Manuskriptet finst i Olav Rekdal sine samlingar, som dottera Marit Rekdal forvaltar. Manuskriptet kan også kontrollerast mot handskrivne notat i same samlinga.

### Lb Olav Rekdal

To opptak der Olav Rekdal syng tonar til visene. Han understrekar sjølv at han ikkje er nokon stor songar, men i mange høve er han den einaste som har tone til enkelte av visene. Det eine lydbandet er i Norsk Folkemusikksamling ved Universitetet i Oslo (svært dårleg teknisk kvalitet), og det andre er ein privat kassett som Marit Rekdal eig.

### Ms Nils Tomren

Notenedteikningar og handskrift etter Nils Tomren, som finst i Olav Rekdals samlingar.

### Ms Arne Bjørndal

Notenedteikningar gjort av Arne Bjørndal, eller av andre (ma. Sverre Skeidsvoll). Brukt med velvillig løyve frå «Arne Bjørndals samlingar» ved Universitetet i Bergen. Alle manuskript har nummer som er attgeevne her.

### Ms Sverre Skeidsvoll

Notar og tekst me har fått tilsendt frå adjunkt Sverre Skeidsvoll i Bergen. Ein del av hans manuskript er ogso i Arne Bjørndals samlingar.

### Lb Sverre Skeidsvoll

Opptak med Sverre Skeidsvoll gjort av NRK januar 1984. (v/Arild Hoksnes).

### Lb Magny de la Nuez

Opptak med Magny de la Nuez gjort av Arild Hoksnes. I privat eige hos Arild Hoksnes.

### **Skillingvisearkivet**

I Trondheim finst Det Kgl. Norske Videnskabers Selskabs Museums Bibliotek. Der er 1500 forskjellige skillingstrykk samla. Sjå litteraturlista: Molde, H-S. (1981).

### **Visearkivet, Oslo**

Norsk visearkiv i Tollbugata 28, 0157 Oslo. Kontaktmann: Velle Espeland.

### **Lb Liv Greni**

Programsekretær Liv Greni i NRK gjorde i 1949 opptak til privat bruk i Eikesdalen. Desse har me fått bruke.

### **Norsk musikkksamling**

Høyrrer til Nasjonalbiblioteket i Oslo, og har mange manuskript i sine samlingar (Lindeman og Elling m.a.).

### **Bygde-Noreg**

Bygde-Noreg i dikt og tonar, (Harøy) 1946–1953. Undertittel Norrønt Toneblad. Utgjevar og redaktør var Bjørn Sæbjørnson.

### **Melodier fra Romsdal**



Notehefte med ein del tonar frå Romsdal, arrangert for piano og song. Heftet kom ut i København, og det var Borghild Tonberg med hjelp av Thorolf Høyer-Finn som stod bak. Me veit ikkje kva år heftet kom ut, men det var truleg ein gong i 1930-åra.

### **NRK-Folkemusikkarkiv**

NRK sitt rikhaldige folkemusikkarkiv har også ein del opptak av interesse for oss. Særleg frå 1953, då Joachim Rønneberg frå Ålesund kringkastar tok opp ein del i Romsdal.

Sjå elles litteraturlista for andre kjeldetilvisingar.

## **Korleis bruke notane?**

Når det gjeld notane, er instrumentalnotar nytta  i staden for vanleg songnotasjon . Dette for at notane skal vere lettare å lese.

Notasjonen er gjort ut ifrå første verset, men ekstra opp-takter i andre vers er sette i parentes ( ).

Nokre gonger er (b) og (#) sett i parentes. Dette på grunn av motstridande manuskript. Kvar enkelt får i desse tilfella gjere sitt eige valg. Der kjelda var påliteleg, er «kvarrtonar» tekne med, dvs. tonar litt høgare enn den noterte noten. Dette er merkt med ↑.

Folk som er vant til å bruke notar, tek ofte noteskrifta som eit lovverk. Kvar note blir utført likeins kvar gong, i ei slavebunden framføring.


Det er to måtar å skrive ned folketonar på notar. Begge måtane er like gode, eller like dårlege. Den eine måten er å skrive ned so nøye at kvar detalj er med på notearket. Den andre måten er å gje eit grunnriss, ei skisse for framføringa, der detaljar er uvesentlege.

Vår rettesnor er at notane i denne boka skal vere eit utgangspunkt for innøving av lokale tonevariantar. Ingen folketone er lik frå den eine utøvaren til den andre. Eit grunnriss er nok, synest me.

Nokre av dei tonane som er overført til noteskrift, har tonesteg som ikkje passar inn i vår skala. Desse tonane kallar me ofte sjevande tonar eller kvarrtonar, og dei er merkte med ein pil i noteskrifta.

Kapittel 2. Viser i romsdalstradisjon (nr. 1–67)

## 1. Abraham satt i Mamrelund



Ab - ra - ham satt i Mam - re - lund, han var en hydr - de -  
7 kon - - - ning sal - vet av Gud med e - gen munn og  
13 Sa - ra het hans dron - - - ning.

Abraham satt i Mamrelund  
han var en hyrdekonning  
salvet av Gud med egen munn  
og Sara het hans dronning

Rik på kameler, kjøer og får.  
det var den drott med ære  
gammel han var, snart hundre år  
og vel skal det så være

Dagen var het, men Herrens venn  
satt svalt i ekeskygge  
hist kom der da tre vandringsmenn  
og ønsket ham tillykke

Sara hun stod bak dør og lo  
så falt det henne fremmed  
Abraham tok de ord med tro  
han så på mig beskjemmet

---

Borghild Tonberg skreiv opp visa etter Brit Hægerholm i Grytten. Det skal nok vere fleire vers, men det har ikkje vore råd å spore visa andre stader. Tonen sviv elegant mellom C-dur og C-moll, slik Borghild Tonberg har skrive han opp. Me har ein mistanke om at tonen kan ha blitt sungen med «svevande» tonesteg (kvart-tonar), slik at han har vore vanskeleg å innpasse i eit pianoarrangement. Det er nok berre eit brotstykke av teksten som er blitt med.

Tekst: «Melodier fra Romsdal» nr. 3

Tone: «Melodier fra Romsdal» nr. 3



## 2. Agnetta og havmannen

Ag - net - ta hun sat ved den hol - land - ske bro Ag

hol land - ske bro. Så kom der ein hav mann fra bun - den opp

O - ho-hei Så kom der ein hav mann fra bun - den opp.

Agnetta hun sat ved den hollandske bro  
Agnetta hun sat ved den hollandske bro  
Så kom der ein havmann fra bunden opp,  
O-ho-hei  
Så kom der ein havmann fra bunden opp

– Å, hør nu Agnetta hva jeg vil sige dig  
Sig vil du ei være aller kjæresten min

– Å, ja, jeg skal være aller kjæresten din  
når jeg kan komme hjem igjen til moderen min

So stoppa'n hendes øre, so stoppa'n hendes mund  
so førte han hende til havets bund

Agnetta hun sat der ved vuggen og sang  
da hørte hun de engelske klokkenes klang

På hvad han hadde lovet hun nu minte ham på:  
– Nu må jeg få hjem uti kirken at gå

– Å ja, so meinj so må du opp til kirken få gå  
når du kommer hjem igjen til børnene små

---

Olav Rekdal lærde visa av mor si som barn. Sidan fann han ho att berre ein stad i Romsdal – ute på Sandøya. Johan A. Sandøy på «Linningsvollå» song visa for han i 1923. Han brukte mykje godt same tonen, ein enkel, «bølge-stemmingstone». Alle versa har repetisjon, og omkvedet «O-ho-hei» er med heile tida.

Tekst: Ms Olav Rekdal

Tone: Lb Olav Rekdal

So stoppa'n hendes øre, so stoppa'n hendes mund  
So førte han hende på den engelske grunn

Agnetta hun inn gjennom kirkedøren tren  
Hendes moder hun rofte uti selvsamme stund:

- Agnetta, kvar var du i disse åtte år?
- Å jeg haver været hos en havmann så fro
  
- Hvad gav han deg da uti foræring hos sig  
da han deg festede til bruden sin?
  
- Han gav meg et armbånd av det pureste gull  
der finnes intet bedre hos dronningen selv

*Agnetta sat slik og tala med mora, ho fortalde om  
all herlegheita i slottet åt havmannen. Ho hadde  
The image shows a musical score for the song 'Far stod og stappa korn'. It consists of four staves of music in G major (one sharp) and 2/4 time. The lyrics are written below the notes. The first staff starts at measure 1 and ends at measure 6. The second staff starts at measure 7 and ends at measure 12. The third staff starts at measure 13 and ends at measure 18. The fourth staff starts at measure 19 and ends at measure 24. The lyrics are: Far stod og stap-pa korn mor bles i eit fa-gert horn dõt-ra sat op-på lof-ta og fal-ma sel-kje - våt - ta bror - in rennt på ski - å langt op-pi li - å to - k'n opp ein kup-pul-stein Kas-ta gei-ta på lå-re-bein E ho kvit so lei ho hit e ho grå so læt ho gå E ho spreklåt myl-lå honn - já so lei ho hit åt små - bonn - já.

Far stod og stappa korn  
mor bles i eit fagert horn  
døtra sat oppå lofta  
og falma selkjevåtta  
brorin rennt på skiå  
langt oppi liå  
tok'n opp ein kuppulstein  
Kasta geita på lårebein  
– E ho kvit so lei ho hit  
e ho grå so læt ho gå  
E ho spreklåt myllå honnjå  
so lei ho hit åt småbonnjå

## 103. Bokkjin stod i brynnja

Etter Olga T. Utigard

The musical score is written in a single system with four staves. The first staff begins with a treble clef, a key signature of one flat (B-flat), and a 2/4 time signature. The melody consists of eighth and quarter notes. The lyrics are written below the notes. The second staff starts at measure 6, the third at measure 11, and the fourth at measure 16. The piece concludes with a double bar line at the end of the fourth staff.

Bok - kjin stod i bryn - nja hildt eit blad i mun - na res - ta på si - ne gull -  
6  
brin - ge ba små - gu - tan sprin - ge Kvar ska me sprin - ge?  
11  
Op - på gul - lan tu - e der veks lau - kjin der gjél  
16  
gau - kjin der e so godt å gje - te for der e det in - ga vid - de

Bokkjin stod i brynnja  
hildt eit blad i munna  
resta på sine gullbringe  
ba smågutan springe  
– Kvar ska me springe?  
– Oppå gullan tue  
der veks laukjin  
der gjél gaukjin  
der e so godt å gjete  
for der e det inga vidde

## 104. Sov, sovan lill

Etter Jonas Sæter / Olga T. Utigard

The musical score is written on two staves in treble clef. The first staff begins in 3/4 time and changes to 2/4 time after the fourth measure. The melody consists of eighth and quarter notes, with some notes beamed together. There are two fermatas over the notes 'e' and 'e' in the first and second phrases respectively. The lyrics are written below the notes.

Sov, so-van lill og lukk ditt øy-e til Sov, so-van lill og lukk ditt øy-e til Så skal du lil-le

6  
ven - nen min til eng - ler rundt om vug - gen din sov, so - van lill.

Sov, sovan lill og lukk ditt øye til (rep.)  
Så skal du lille vennen min  
til engler rundt om vuggen din  
sov, sovan lill.

# 105. På gullanveg

Etter Olga T. Utigard



På gul - lan - veg på gul - lan - veg sjå all små - dõt - rin - je mi - ne  
al - le e' so fi - ne al - le vil no fø - re fa - ra al - le vil no  
gif - tan va - ra Lukk opp por - ten i øs - ten lukk opp por - ten i ves - ten så  
kom der seg ein rid - der - svenn med fir - og - før - ti hes - ta' Hvem e' din  
mo - der som gull - hå - ret po - der Hvem e' din søs - ter  
som gull - hå - ret bør - ster? Hvem e' de fin - gre små ta gull - hu - va,  
sett ho på Ta den yngst ta den eldst ta den du be - ha - ger best og  
let så mo - ra fa - - - re.

På gullanveg, på gullanveg  
 sjå all smådøtrinje mine  
 alle e' so fine  
 alle vil no føre fara  
 alle vil no giftan vara  
 Lukk opp porten i østen  
 lukk opp porten i vesten  
 så kom der seg en riddersvenn  
 med firogførti hesta'  
 – Hvem e' din moder  
 som gullhåret poder?  
 Hvem e' din søster  
 som gullhåret børster  
 Hvem e' de fingre små  
 ta gullhuva, sett ho på  
 Ta den yngst, ta den eldst  
 ta den du behager best  
 og let så mora fara

## 106. Ikorn stod på volla og slo

Etter Olga T. Utigard

I - korn stod på vol - la og slo høyr - de kor det sner - te  
 5  
 skje - rå less - te, krå - kå dro og ves - le kat - te - pu - sen køyr - de

Ikorn stod på volla og slo  
 høyrde kor det snerte  
 skjerå lesste, kråkå dro  
 og vesle kattepusen køyrde

# 107. Kua stod på Dovrefjell

Etter Inga Utigard

The musical score is written on four staves in a single system. Each staff begins with a treble clef and a common time signature (C). The melody consists of quarter and eighth notes. The lyrics are written below the notes, with hyphens indicating syllables that span across multiple notes. The lyrics are: Ku - a stod på Dov - re - fjell rau - ta heim i gar - dan; Kar ska' ku - a bo i kveld? Heim i fjø - sa vå - re; Mjøl - ka i bøl - tå si - la i gry - tå; Ko - ka på su - pe åt små bon - nå vår'.

5  
9  
13

Ku - a stod på Dov - re - fjell rau - ta heim i gar - dan  
Kar ska' ku - a bo i kveld? Heim i fjø - sa vå - re  
Mjøl - ka i bøl - tå si - la i gry - tå  
Ko - ka på su - pe åt små bon - nå vår'.

Kua stod på Dovrefjell  
rauta heim i gardan  
– Kar ska' kua bo i kveld?  
– Heim i fjøsa våre  
Mjølka i bøttå  
sila i grytå  
Koka på supe  
åt små bonnå vår'

## 108. Rie, rie ranke

Etter Jonas Sæter

Ri - e, ri - e, ran - ke, og ri - e, ri - e renn Ri - e, ri - e ran - ke, og ri - e, ri - e renn

5 3 3

Først te ham - mar og si - a te kvern. Først te ham - mar og si - a te kvern

9

og so heim - att te dra - ge - nes renn.

Rie, rie ranke, og rie, rie renn (rep.)  
Først te hammar og sia te kvern (rep.)  
og so heimatt te dragenes renn



## 109. Kua gjekk på grønne voll

Etter Henning Østigaard

The musical score is written in a single system with four staves. The first staff begins with a treble clef and a common time signature (C). The melody consists of eighth and quarter notes. The lyrics are written below the notes. The second staff starts with a measure rest of 4 measures. The third staff starts with a measure rest of 8 measures. The fourth staff starts with a measure rest of 12 measures and includes a triplet of eighth notes. The piece ends with a double bar line.

Ku - a gjekk - på grø - ne voll gra - set gjekk op - påt au - å Sau'n han låg på ham - mar knoll

ør-ta og sprik-te mæ klau-vå So kom her ein flokk mæ kar og tok ma-ten som me har Og stor-ok-sen stakk dei og

bjell-ku-a batt dei og fé-honn heng-de dei og gje-tar-gu-ten deng-te dei og me vil-le dei fø-re ut - tu

lan - det Kjæ - re mi - ne dren - gje væ - re ik - kje len - gje for her skal rø - var-an' ski - nast.

Kua gjekk på grønne voll  
graset gjekk oppåt auå  
Sau'n han låg på hammarknoll  
ørta og sprikte mæ klauvå  
So kom her ein flokk mæ kar  
og tok maten som me har  
Og storoksen stakk dei  
og bjellkua batt dei  
og féhonn hengte dei  
og gjetarguten dengte dei  
og me ville dei føre uttu landet  
Kjære mine drengie  
være ikke lengie  
for her skal røvaran' skinast

## 110. Sulla, lulla ba'net

Etter Magny de la Nuez

Musical notation for the song 'Sulla, lulla ba'net'. It consists of two staves of music in a 2/4 time signature with a key signature of one flat (B-flat). The melody is written on a treble clef. The lyrics are written below the notes.

Sul-la lul-la ba' - net Ba'-net hei-ter A - ne Gu-ten hei-ter Ol - a Pe  
4  
Vell du nåk-kå so kom åt me so ska du få suk-ker og ka - ke.

Sulla,lulla,ba'net  
Ba'net heite Ane  
Guten heite Ola-Pe  
Vell du nåkkå so kom åt me  
so ska du få sukker og kake

## 111. Danse, danse dele

Etter Magny de la Nuez

Musical notation for the song 'Danse, danse dele'. It consists of two staves of music in a 3/4 time signature with a key signature of one flat (B-flat). The melody is written on a treble clef. The lyrics are written below the notes.

Dan - se, dan-se de - le Kat - tå ho ha ei fe - le Hon - ni han ha ein  
6  
tes - sil - tut sprang i dæ - rå inn og ut dan - se dan-se de - le

Danse, danse, dele  
Kattå ho ha ei fele  
Honnj han ha ein tessil-tut  
Sprang i dærå inn og ut  
Danse, danse, dele

### Kjelder til kapittel 5:

97: Ms Arne Bjørndal (nr. 1924)  
98: Ms Arne Bjørndal (nr. 1891)/Bygde-Noreg  
99: Bygde-Noreg

100: Ms Sverre Skeidsvoll  
101: Ms Arne Bjørndal (1891b)  
102–109: Lb Liv Greni  
110–111: Lb Magny de la Nuez

# Ordforklaringar

Her er forklaringar på ein del ord og uttrykk som finst i visene. Det er helst alderdomeleg dansk og gamle (døy-  
ande) dialektord som byr på problem. Mange av visene  
er skrivne på romsdalsmål, men de vil sjå at måten å  
skrive dialekt på er ulik. Me har valt å la visene stå slik  
samlaren har skrive dei ned, for me har ikkje nokon ei-  
naste «rett» måte å skrive dialekten vår på. De vil såleis  
finne både *kan*, *kann*, *kain* o.l. døme.

Vise nr.

1. konning – konge  
kjør – kyr  
drott – herre  
hist – dit  
beskjemmet – skamfull
2. stoppa – tetta  
tren – trødde  
fro – glad  
blott – berre  
gullskjeftet – med skaft av gull
4. held oss – lykke for oss
5. ballfeite – fleskebit innbakt i midten av ballen, dupp  
sjeklan – føtene (ironisk)  
gjesellen – drengen
6. dros – kvinne  
kvidelaus – utan angst  
heimsens – i verda  
óm – uro, støy  
kyrr – still  
sål – sjel  
tarv – treng  
salm – salme  
avle – styrke
8. bredvid – ved, attmed  
holde for – stenge for  
knøs – knekt, fyr  
ratt – rett  
survelkål – sur kål  
tølper – knøl, slamp  
krål – mage  
mæramig – merrapiss  
einlut – avkok av eine  
lo – korn i lad

9. so – purke  
praler – strålar  
lønlige – skjulte, hemmelege  
ørk – ørken, øydeland  
løndom – løynd
11. liflig – vakkert  
huld – god, snill  
bolde – djerv, modig  
hede–hei  
kummerfull – (ottefull) full av bekymring
13. tråkig – knapt, så vidt  
gåssa – gutar, karar  
fråga – spørje
14. løn – løynd, løyndom  
svøpeduk - likklede
15. staden–byen
16. kvitt – utan gjeld  
serk – sid underskjorte  
probere – prøve  
måskje – kanskje  
reve – fille  
nybåren – nyleg kalva
19. veldannet – fin  
kompliment – ære, ros  
prale – skryte  
lønn – i løynd  
lønndom - i løynd
21. monne – skulle  
huld – god, snill  
staden – byen  
bold – djerv, modig  
spissrot – militær straff for alvorleg brotsverk
22. huru – korleis  
hågen – hugen  
blånad ban – havet  
bratt – brått  
grimm – stygg  
døve – døyve  
kolv – geværkolbe  
trøttat – ?  
blott – berre  
fastän – sjølv om  
genmälte – svara  
ljunga – lyne

23. zir – pryd  
daad – gjerning  
vædre – verar
24. lågris – «lov gris», gris som lovar mykje  
staue – stove  
jektefarma – last på jekter  
eiste – testiklar  
vedaveilte – vedalass  
lesta – gammalt mengdemål, 1 lest = 12 tynner
25. forøvet – gjort  
stedse – stadig  
idelig – alltid  
kjed – lei  
gjenvordighed – motgang  
skjøtter – bry seg om  
martres – pinast  
proberet – prøva  
hulde – gode  
kummer og kvide – bekymring og sorg  
forskutt – vraka  
renke – list  
drøvelsens– sorgmodets  
måskje – kanskje  
monne – ville  
tvedrakt – dobbeltspel  
brøde – skuld  
redebon – ferdig, klar
27. skjoldmø – kvinne som for i hærferd og deltok i kamp  
valen – slagplassen  
brat – brått  
drotten – herren, kongen  
vænge – jorde  
skjalde – skaldar
29. tomling – tommeltott  
bunding – strikkety  
peil – 1 pel = 1/4 liter  
pott – 1 pott = 1 liter
30. våk – gutunge, spedbarn
32. sjeinte – glytta, såg  
velling – suppe  
test – til  
ta fatt – oppgjeven
33. sildigste – siste  
huld – god, snill
- lutrede – reinsa  
hist – der
36. fem finger flesk – fem fingrar breitt fleskestykke  
skarper – ?  
harper – ?  
majoner – majorer  
galoner – skip  
birombir – sikkert eit «regleord» for øl
37. bået – bodet
38. skrenå – skorne  
skratlja – lo  
krenå – krærne, dativ fleirtal av krå  
åsa – takås  
håså – sokkane  
limå – kost, sopling  
gårin – guten  
svolkjin – kjeppen  
holkjinn – stamp, trekar
40. tå takja – av arbeidet, strevet  
tvikledd – dobbelt kledd  
disken – tallerken
41. ljørå – opning i taket på årestovene  
betin – tverrbjelke mellom sidebjelkane i årestovene  
feig – bestemt til å døy  
barkå – strupe, lufrøyr  
reste – skjere
43. å lyste – ?  
forstuen – gangen  
tvende – to  
beve – skjelve
45. silde – seint  
udsige – fortelje  
staden – byen
48. staden – byen  
skjød – fang  
potentat – herre, herskar  
ilde ham bekomme skal – gå han ille  
snesetal – 1 snes = 20 stk.  
lue – loge, eld  
pjalter – filler  
kofardiskibe – handelsskip  
stålsyringer – eit slag fingerbjør  
alen – I alen = ca. 63 cm  
tønner – 1 tynne = ca. 150 liter

- pottemagerskåle – leirskåler  
 tvende – to  
 pottes – 1 pott = 1 liter  
 javne – plante nytta til farging, helst for å få blått  
 brissel – plantefarge av brasiltre  
 tælge – talg  
 punde – 1 pund = 1/2 kilo  
 blott – berre  
 spieler – speglar  
 diktergeist – diktarånd eller givnad  
 skarnbasser – tordivlar, skam tyder møkk, søppel, og  
 dikteren tenkjer helst meir på folk enn insekt  
 gløsfauk – rote tre som lyser i mørke  
 50. kummer – uro, bekymring  
 betler – tiggjar  
 staden – byen  
 løndom – løynd  
 53. gå i svang – som er vanleg mellom folk  
 grandgivelig – nøye  
 forhiæt – gløyme  
 skiøre – sigd  
 fortørne – fornærme  
 i noe – i nymåne?  
 Hamle Korssiil – humlesil med kors i  
 omsonst – forgjeves  
 beflitte – passe på å få med seg  
 skierring – skjerdning (til å henge gryter på over var-  
 men)  
 brand – glødande vedskie  
 runkiellinger – trollkjerringar  
 54. gjerdelyet – i ly av gjerdet  
 nytaarsnyet – første nymåne på nyåret  
 55. måskje – kanskje  
 utgjød – tok  
 lønn – i løynd, for seg sjølv  
 forby – lov, løyve  
 silde – seint  
 56. skiendte – øydela  
 baunen – varden  
 vaande – pine  
 57. luver og le – vindside og leside på båten  
 brimkaret – karet med prim, myssmør  
 utrinner – går  
 pralen – skryt  
 skjær – moden, ferdig til å skjerast  
 skjæring – skjerdning (til å henge gryter på over var-  
 men)  
 58. fregar – spør  
 smedeleg – fint?  
 tvenne – to  
 59. fripostig – frimodig  
 60. bestillingsmenn – tenestemenn  
 62. vrå – krå  
 bussen – skråa  
 63. kory-fæsjaa – av koryfé: hovudmann  
 blot – berre  
 svolk – stokk, pisk, kjepp  
 tamp – tauende, pisk  
 epauletter – skulderplate på militære uniformer  
 kjolefanter – prestar  
 praas – tynt lys  
 64. Guttapercha – vassstett stoff  
 bramme – skryte, vise seg  
 probert – prøvd  
 66. tvende – to alen – 1 alen ca. 63 cm  
 dunker – av dunk: kagge  
 gesvindt – svint, fort  
 pappen – ?  
 velte – mengde, samling  
 67. hulde – gode, snille  
 71. grøn – mjølmat  
 sul – kjøtmat til å ha attåt brødet  
 mork – 1 mork 1/4 kilo  
 bero – vera  
 72. langskonkjinn – ein med lange skankar, dvs. føter  
 74. vanke – forekomme  
 meilder – korn til maling, eller nyleg male kom  
 78. viering – vidjering  
 81. vande – vrake  
 102. falma – ?  
 kuppulstein – stor småstein  
 103. gullbringe – lys bringe  
 108. dragenes renn – full fart  
 109. hammarknoll – bergrabb  
 ørte – tygge drøv  
 fehon'n – buhunden  
 skinast – straffast, flåast  
 111. tessil-tut – ein som sladrar

## Person- og namneregister

I kommentarane til visene, og i sjølvve visene, finst det namn som treng forklarast. Her er del lista opp alfabetisk. Dei namna som ikkje finst i denne lista, har det ikkje vore råd å finne opplysningar om. Tala i parentes fortel kva for eit visenummer namnet første gong er nemnt i.

**Abraham:** Den bibelske Abraham. Sjå Mamrelund. (1)

**Aftenbladet:** Norsk dagblad som kom ut 1855–1881.

Bjørnstjerne Bjørnson var medarbeidar og ei kort tid også redaktør. (64)

**Agantyr:** Person i «Fridtjovs saga». Sjå Fridtjov eller Tegnér. (22)

**Allum, Hans:** (1777–1848). Norsk lærar, f. i Botne. Han skreiv viser på Jarlsberg-dialekt, der den mest kjende er «Jæ sku au ha løst t'aa jifte mei, san». Tonen til denne visa er brukt på eit utal andre viser, heilt fram til våre dagar. (Anton Aure frå Fræna gav ut Allum sine «Vestfoldviser» med biografisk innleiing i 1918.) (60)

**Bacchus:** Det latinske namnet på Bakkhos, som tilsvarar den greske vinguden Dionysos. (48)

**Bjørndal, Arne:** (1882–1965). Spelemann og musikkforskar, f. i Hosanger i Hordaland. Frå 1911 samla og utgav han norsk folkemusikk, med støtte frå staten. Det han samla, og ei vidareføring av arbeidet hans, er i «Arne Bjørndals samlinger» ved Universitetet i Bergen. Bjørndal var på samlingsferd i Romsdal m.a. i 1927 og 1934. Han fekk også tilsendt oppskrifter av folketonar. (kjelder)

**Bjørnerem, Anders:** (1847–1939), f. på Kjersem. Han var av klokkarslekt frå Tresfjord og hadde hatt Ivar Brovold som lærar. Giften og busette seg på Bjørnerem på Midøya. Han er bestefar til Magny de la Nuez. (39)

**Bjørnerem, Anna:** (1895–1979), f. Husøy. Ho har skrive fleire lokalhistoriske artiklar frå Ona og Husøya. Dottera Magny har ei handskriven visebok etter henne. (45)

**Blø, Olianna:** (1896–1934), frå garden Blø på Otrøya, g. m. Lars Klauset, og budde på Klauset. Skreiv ein god del i ungdomslagsavis. «Sildeviså» eller «Vinteren er kommen» skreiv ho i 1920-åra. (65)

**Brude, Anna Stenersd.:** (1863–1938), f. Ødegård, Lesjaskog. Først gift med Iver Olsen Brudestuen, andre gong med Lars Larsen Brude, Verma. Anna (Anne) var musikalsk og akkompagnerte seg sjølv på ein gammal gitar. (19)

**Bruseth, Kristen:** Stortingskandidat, truleg frå Todalen i Surnadal kommune. (63)

**Bugge:** Mest truleg er dette Fredrik Marius Bugge, f. på Tingvoll prestegard i 1842, cand. theol. i 1864, same året timelærar ved Molde skole til han døydde i 1869. (9)

**Bø, Ola A.:** (1881–1956), f. i Måndalen, lærar i Tune i Østfold. Han bygde eige museum på heimgarden Øverbø i Måndalen. (3)

**Baardsen, Gjest:** (1791–1849), norsk stortjuv, f. i Sogndalsfjøra i Sogn. Etter fleire fengselsdommar blei han i 1845 teken i nåde, og reiste deretter rundt og selde eigen prosa og eigne vers. (25)

**Carl, prins:** (1826–1872), norsk og svensk konge frå 1859; i Noreg Karl IV og i Sverige som Karl XV. Han besøkte Vestnes med Furlandsmyra i 1856. (64)

**Dahl, Nils Nilsson:** (1806–1854), f. i Tresfjord. Prest i Eid i Nordfjord. Han var stortingsrepresentant for Venstre, og president i Odelstinget. (48)

**Dahl, Walter Scott:** (1839–1906), son til sokneprest Nils N. Dahl (s.d.). Han var mest kjend fordi han var aktor i riksretts-saka mot regjeringa Selmer i 1883–1884 («Veto-saka»). (66)

**Daugstad, Ingeborg Pedersd.:** (1872–1965), f. på Daugstad, budde på Setre i Tresfjord. (9)

**Daugstad, Sigrid Johansd.:** f. 1832 på Daugstad. Det var han Lasse-Elling frå Daugstad som spela «Daugstad-Sigrid-låten» slik at han Lars Brovoll skreiv han ned. (89)

**Daae, Ludvig:** (1829–1893), f. i Skodje på Sunnmøre. Gjekk på skule i Molde. Jurist, stortingsmann og forsvarsminister i Sverdrup-regjeringa i 1884. (63)

**Elling, Catharinus:** (1858–1942), komponist, pedagog og musikkritikar. Frå 1899 samla han med statsstøtte folkemusikk i mange bygder. Han var i Romsdal i alle fall i 1903. For han galdt det å «stille melodierne på benene», og derfor kan det tenkjast at han har korrigert litt etter eigen smak. Notemanuskripta er delvis utjevne, delvis samla i Norsk musikk-samling, Nasjonalbiblioteket i Oslo. (35)

**Falk:** ukjend, truleg borgar i Molde. (63)

**Fenstad, Jens A.:** (1777–1825), Falskmyntar frå Stadsbygda i Sør-Trøndelag. Dømd til døden fire gonger og avretta i Bergen 9. november 1825. (20)

**Finset, Gjartrud:** (1866–1952), gardbrukarkone i Eikesdalen. (9)

**Fiske, furer:** lurer er nest lågaste underoffisersgrad (før 1930). Fiske er eit typisk Nordmørsmål (Surnadal). (63)

- Fridtjov:** hovudpersonen i den islandske fornaldarsagaen «Fridtjovs saga» frå 1300-talet. Seinare romantisert av E. Teg-nér (s.d.). Agantyr er ein av personane i diktskyklusen. (22)
- Frimann, Claus:** (1746–1829), prest og diktar i Davik i Nordfjord. Han skreiv fleire dikt som levde på folkemunne som songar. Mest kjend er kanskje «Ondt ofte lider den fisker-mand». (23)
- Gjelsteinli, Olianna:** (1866–1927), gift på Rekdal. Mor til Olav Rekdal. (2)
- Gjelsteinli, Petrina:** (1861–1945), dotter til Ola T. Marken, og moster til Olav Rekdal. (14)
- Gregersen:** Niels Jørgen G., (1840–1924) i Kristiania. Vegin-spektør på Sunnmøre. Stortingsrepresentant for Romsdals Amt 1882 og 1889. (66)
- Grøtta, Marit Olsd.:** f. 1836 i Isfjorden. Gardbrukarkone på Grøtta i Isfjorden. Bestemor til Borghild Tonberg. (11)
- Gåsøy, Paul:** kunstnar, f. 1935 på Sekken. Debututstilling i 1959. Fleire utstillingar i inn- og utland. Bokillustratør, fleire stipend, og er innkjøpt av ei rad samlingar og galleri. (ill.)
- Halse, Peder:** ukjend, men truleg nordmørsrepresentant til stortingsvalet. (63)
- Hansen:** Dette må vere Zacharias Hansen (ca. 1767–1837). Han var frå Nerland på Hustad, eigar av sluppen «Haabet», borgar og handelsmann i Molde. (48)
- Haukås, Hans:** (1884–1966), f. i Fræna. Utdanna lærar frå Elverum og praktiserte fleire stader i landet. Flytta heim att til Elnesvågen. (38)
- Heyerdahl, Halvor:** (1825–1900), norsk forfattar fødd i Tinn. Stadsingeniør i Drammen. Han skreiv også romanar. (27)
- Hoksnes, Arild:** f. 1956 på Aukra. Cand. mag. med faga mu-sikk, historie og fransk. Programsekretær i Radio P1 – Mu-sikkavd. 1982–1984. Frå 1984 i P2 Kultur- og musikkavd., Trondheim. Spelle-mannsprisen 1981 for beste folkemusikk-plate med gruppa «Hørkelgaddan». (red.)
- Hola, Ola:** (1861–1949), gardbrukar på Ner-Holen i Nesset. Tok til å skrive ned tradisjonsstoff i 1920-åra, med universi-tetsstipend frå 1928 til 1933. Romsdal Sogelag gav i 1980 ut-noko av oppteikningane hans i bokform: «Gammalt frå Nes-set», del 1. red. av Bjørn Austigard. (innl.)
- Hoven, hr.:** truleg kyrkjesongar John Hoven, f. i Sunndalen i 1816. Stortingsrepresentant for Romsdals Amt. (63)
- Hukkelberg, Mads:** (1868–1957), gardbrukar, smed og soge-mann frå Aukra. Samla folkeminne frå ytre Romsdal. Aukra Sogenemnd har gjeve ut «Folkeminne frå Ytre Romsdal» etter M.H. sine nedskrifter, redigert av Arild Hoksnes. Kongens fortene-stmedalje i 1956. Mads Hukkelberg er æresmedlem i Romsdal Sogelag. (26)
- Hægerholm, Brit:** (1849–1934), f. på Hovde, gift med Bård Hægerholm som åtte Hægerholmen frå 1888. Då ho var 18 år, var ho med i koret som lærar Ole Magnus Huse hadde i Mån-dalen. Dette var det første fleirstemmige koret i bygda, og det var svært populært. Det hende at dei plasserte ei stemme i kvar båt og rodde ut på Vollabukta og song fleirstemt. Folketo-nesamlaren Ole Mørk Sandvik skal ha besøkt Brit Hæger-holm. (1)
- Høyer-Finn, Thorolf:** (1896–1974), f. i Drammen. Elektro-ingeniør 1917, organisteksamen 1921. Organist i Molde frå 1924 til 1967. (91)
- Jochumsson, Matthías:** (1835–1920), islandsk prest og dik-tar. Skreiv den islandske nasjonalsongen. (6)
- Kjersem, Jakob L.:** (1862–1944), frå Tresfjord, spelte fele, klarinett og messingblåseinstrument. (88)
- Kjærvik, fanejunker:** Iver Kjærvik (1837–1912), f. i Straumsnes, gjekk gjennom alle militære grader til fanejunker. I åra 1894–99 var han stortingsmann for Romsdals Amt. (66)
- Krohg, Otto T.:** (1811–1889), f. i Alta. Voks opp på «Nøis-omhed» i Molde, ettersom faren var amtmann. Prest i Vestnes 1847–1886. Flittig forfattar. (64)
- Kyrkjesynte, Anders Hansson:** (1839–1908), kjøpte gard på Skeidsvoll. Bestefar til Agnar og Sverre Skeidsvoll. (53)
- Lasson, C.O.K.:** (1830–1893), regjeringsadvokat. Far til songarinna Bokken Lasson. (64)
- Leirvåg, Serianna** sjå Vestnes. (2)
- Lindeman, Ludvig M.:** (1812–1887), norsk komponist, orga-nist og folketonesamlar, f. i Trondheim. Gav i åra 1853–67 ut «Ældre og nyere norske Fjeldmelodier». (46)
- Magerøy, Arne:** (1879–1953), f. på Ålvundeid på Nordmøre. Lærar på Haukås i Fræna i mange år. Sia gardbrukar på Eide. (40)
- Magerøy, Nils:** (1883–1961), f. på Ålvundeid, lærar m.a. i Volda. Begynte å samle folkeminne alt rundt 1900. Sjå littera-turlista. (40)
- Mamrelund:** Ein lund av eiketre ved Hebron, der Abraham reiste telt og altar (1.Mos. 13,18; 18,1). (1)
- Mari-Sigrid:** (1832–1852), Sigrid Olsd. Daugstad. Mora heit-te Mari. Konfirmert i 1846, og presten skriv: «Meget bega-vet». (90)
- Marken, Ola Trondson:** (1817–1899), son til Trond P. Mar-ken. Plassing i Gjelsteinlia.



- Marken, Petter:** (1859–1928), f. på Torsgarden i Fiksdal. Mykje brukt som kjøkemeister. (47)
- Marken, Trond P.:** (1782–1877). Han åtte Torsgarden i Fiksdal. Var med i krigen med svenskane. Dette veit me sikkert fordi han skreiv ned ei «beretning» om dette. Farfar til Petter Marken. (21)
- Midthaug, Mali:** (1831–1924), f. på Ytterhaug i Osen (Kleive). Ho skulle vere flink til å synge. (75)
- Misfjord, Anders Anderson Ås:** (1813–1898), gardbrukar frå Misfjord på Vestnes. Let etter seg ei visebok. (innl.)
- Moe, Jørgen:** (1813–1882), f. i Hole på Ringerike. Diktar og eventyrsamlar. Samla ein god del viser fleire stader i landet i 1840- og 1850-åra. (32)
- Møller, Mathis:** Ukjend. (48)
- Nelson, Horatjo:** (1758–1805). Storbritanias mest berømte sjøhelt. Han leidde slaget på Københavns red 2. april 1801, mot den dansk-norske flåten. I dette slaget var også fleire romsdalingar med. (59)
- Nerbøstrand, Andreas:** (1913–2000). Gardbrukar og spelemann frå Aukra. Har spela inn om lag 100 slåttar og visetonar på lydband. (51)
- Nerås, Anders A.:** (1888–1966), gardbrukar på Nerås, Vestnes. (69)
- de la Nuez, Magny:** (1912–19??). Dotter til Anna Bjørnerem. Stor visetradisjon i familien frå Bjørnerem og Husøya. Var busett i Canada i 8 år. (23)
- Olafsen, Jørgen:** (1818–1893), f. i Lesja. Kyrkjesongar og lærar i Bud og Veøy. Han var også kordirigent. Stortingsrepresentant i mange år. (63)
- Orning:** ukjend, men truleg ein borgar i Molde på begynnelsen av 1800-talet. (48)
- Pedersen, Truls:** ukjend forfattar av «Valgmandssang». Truleg eit dekkenamn (pseudonym). (63)
- «Prillar-Guri»:** skal etter segna ha stått på fjelltoppen ved Kringen i Gudbrandsdalen og blåse i lurda skottetoget kom i 1612. (53)
- Raknem, Eli:** (1799–1870), dotter til gardbrukar og bygdadiktar Knut Larsen Raknem (1763–1830). Ho var gift med Anders Olsen Bø (1801–1875). Eli var oldemor til oppskrivaren Ola Bø (s.d.), og ikkje bestemor, slik det står i ein note i «Bygde-Noreg» (Nr. 1/1946). (3)
- Rakvåg, Kolbein:** (1901–19??), f. på Otrøya. Lærar i Valdres, Surnadal og Levanger. Allsidig musikkinteresse og praksis. Han har teke opp på lydband ei mengd slåttar frå Otrøya. (5)
- Rekdal, Ingeleiv A.:** (1823–1909), mormor til Olav Rekdal, frå Plassa på Rekdal. Ho var gift med Ola T. Marken Gjelsteinli. (14)
- Rekdal, Marit:** f. 1952 i Sunndal, dotter til Olav Rekdal. Har arbeidd med folkemusikk og dans i Noregs Ungdomslag sin regi. Av utdanning kan nemnast lærarskule og historie grunnfag. Frå 1980 tilsett som bygdebokforfattar i Vestnes kommune. (red.)
- Rekdal, Olav:** (1899–1981), f. på Plassa på Rekdal. Han studerte realfag ved Universitetet i Oslo, og tok sia over farsgarden. Med universitetsstipend samla han folkeminne rundt om i Romsdal i åra 1921–26 og 1932–33. I 1933 kom boka «Eventyr og Segner» ut på Norsk Folkeminnelag. Olav Rekdal har skrivne to bind med gards- og slektshistorie for Vestnes kommune.
- Run-Gurri:** «Ron-kall» eller «Ron-kjerring» var gammalt namn på ein person som kunne trolle – altså ein heksedokter. «Guri» kunne ha vore ei slik ei. (53)
- Rypdal, Petter L.:** (1909–19??), vegvaktar og musikar frå Tresfjord. Av musikarslekt, og landskjend som felespelemann. (88)
- Røe, Mads Andreas L.:** (1827–1858), f. på Aukra. Lærar i Aure og på Sandøya. Samla og gav ut «Aandelig Visebog eller Christelige Sange» i 1847. Romsdal Sogelag gav i 1925 ut «Lys i mørkret – Bondebiografien», som handlar om slekta hans frå Rød på Aukra. Fleire bøker og manuskript han hadde blei visstnok brent då han fikk lungetøring og døydde. (35)
- Røe, Ole:** ukjent, borgar i Molde først på 1800-talet. (48)
- Røkke, Olav:** (1881–1956). Utdanna ved Levanger lærarskole i 1902. Han var lærar fleire stader i landet, mellom anna ved Romsdals Amtsskole. Han var gift med Andrea Husøy, Ona (f. 1888). (6)
- Sandvik, Ole Mørk:** (1875–1976), norsk musikkgranskar, f. i Nes, Hedmark. Gav ut mange skrifter om folkemusikk og kyrkjemusikk. I folkemusikksamanheng peikar arbeida med «Gudbrandsdals-musikken» og «Østerdalsmusikken» seg ut. Han har også samla og skrivne ned musikk frå Romsdal. (innl.)
- Sandøy, Johan A.:** (1844–????), busett på Sandøya. (2)
- Skeidsvoll, Agnar:** (1900–1963), bladmann og forfattar, f. i Bergen. Redaktør av «Bygdebok for Tresfjord» (1959) og initiativtakar til Tresfjord Museum. Bror til Sverre Skeidsvoll. (10)
- Skeidsvoll, Birgitta:** (1831–1921), gardkjerring på Skeidsvoll i Tresfjord. Bestemor til Sverre og Agnar Skeidsvoll. (12)



**Skeidsvoll, Johanna:** (1878–1963), f. Nerem. Ho song mange viser som Sverre Skeidsvoll skreiv ned i 1947. Mor til Sverre og Agnar Skeidsvoll. (4)

**Skeidsvoll, Sverre:** (1902–19??). Adjunkt, busett i Bergen. Skreiv ned mange viser etter mora. Oldefar hans på Skeidsvoll, Torstein, var den første som song «Moldevisen» for moldeingane, frå ein robåt utpå fjorden. (4)

**Sommerro, Henning:** f. 1952 i Surnadal. Høgare organistek-samen i 1974. Gjennombrøt med gruppa «Vårsøg». Arbeider no som musikal, arrangør og komponist. Møre og Romsdal fylkeskulturpris og to Spellemannsprisar («Vårsøg» og Juryens Heiderspris) og Prøyssen-prisen. (red.)

**Storm, Edvard:** (1749–1794), norsk-dansk diktar og skulemann, f. i Vågå. Han er kjend for sine «Døleviser» på dialekt og særleg «Sinclairs Vise». (56)

**Sylte, Rikka:** (1855–1946), var frå Setre i Tresfjord og blei gift Kyrkjesylyte. (91)

**Sæbjørnson, Bjørn:** (1901–1982), f. på Harøya, lærar, folke-musikksamler og komponist. Gav m.a. ut musikktidsskriftet «Bygde-Noreg i dikt og tonar» 1946–53, og «Tonebladet for norskdom, kristendom, Gud og Fedrelandet» (1979). (kjelder)

**Sæbø, Lars Iversson:** f. mellom 1718 og 1725, d. 1769. Han var frå Måndalen. Han gjekk underoffisersskulen i København. Var flink til å lage vers, og det blir sagt at han kunne skrive «Fadervår» på eit papir som var like stort som ein tørring. Sjå meir i innleiingskapittelet. (53)

**Sæter, Jonas:** (1885–1975), gardbrukar i Eikesdalen. Song inn for Liv Greni på «Wire-recorder» i 1949. (108)

**Sølvik, Ingemann Kristoffer:** (1905–1934), frå Aukra. Skreiv fleire dikt i ungdomslagsavisa på Gossa. (52)

**Tomren, Nils Rasmussen:** (1867–1957), gardbrukar i Tomrefjord. Han skreiv ned gamle og nyare viser alt i ungdommen. Var mykje nytta som kjøkemeister. (13)

**Tegnér, Esaias:** (1772–1846), svensk diktar. Hovudverket «Frithiofs Saga» blei avslutta i 1825, og var det me kallar romantisk helte-dikting. (22)

**Tonberg, Borghild:** (1900–1953). Lærarskuleeksamen 1925. Lærar på Åndalsnes frå 1927. Organist og dirigent. Samarbeidde med Høyser-Finn. Busette seg sørafor. Båe foreldra var av songarfamilie, og faren, Laurits Larsen Tonberg, var ein pioner når det galdt korsong. (1)

**Utigard, Inga:** (1885–1967), f. på Bersås i Nesset. Gift med Tobias T. Utigard og budde sidan på Reitan, Eikesdalen, som gardbrukarkone. Song inn for Liv Greni på «Wire-recorder» i 1949. (102)

**Utigard, Olga T.:** (1884–1965), Budde storparten av sitt liv i Eikesdalen saman med nokre av søskena sine. Song inn for Liv Greni på «Wire-recorder» i 1949. (96)

**Venus:** Den romerske kjærleiksgudinna. (48)

**Vingaard:** Ulrich Wiingaard, medeigar av firmaet Abelseth og Wiingaard i Molde, som ma. dreiv med fiskeeksport. (48)

**Vestnes, Serianne R.:** (1839–1915) f. på Vestnesgarden og gift til Leirvågen i Tomrefjord. (28)

**Østigaard, Henning:** (1867–1954). Gardbrukar frå Eikesdalen. Song inn for Liv Greni på «Wire-recorder» i 1949. (109)

**Øverås, Anders S.:** (1884–1969), gardbrukar og kaptein. (28)

**Øverås, Anne S.:** (1882– ), søster til Anders S. Øverås. (28)

**Øverås, Ingeleiv K.:** (1852–1916), f. Stokkeland, mor til Anders og Anne Øverås. (28)

**Aarflot, Maurtitz R.:** (1821–1904), frå i Volda. Stortingsmann for Romsdals Amt 1857–1886. (63)

**Aase, Colbein S.:** (1820–1893), f. på Åse i Borgund. Blei ikkje valt inn på Stortinget. (63)

# Litteraturliste

Denne lista inneheld dei bøkene og artiklane, både generelle og spesielle, som er nytta i arbeidet med boka.

- Andresen, H. (1979): **Sang- og viseregister**. Oslo
- Austigard, B. (1983): **Albumblad frå Eikesdalen**. Molde
- Bondevik, K. (1927): **Margit Hjukse**. Maal og Minne s. 131, Oslo
- Bondevik, K. (1953): **Folkevisa om Agnete og Havmannen**. Norveg s. 17, Oslo
- Brewster, P.G. (1953): **En gresk prosa-analogi til folkevisen om dei tvo systrar**. Maal og Minne s. 49, Oslo
- Brun, Frimann, Zetlitz (1853): **Norske Almuesangeres Kløverblad**. Eegsæt.
- Brøgger, Steinnes (1982): **Gammel mål og vekt i Norge**. Oslo
- Buen, Garnås, Myhren (1978): **Ei vise vil eg kveda**. Oslo
- Dahl, W. (1980): **En skilling for en vise**. Norges Kulturhistorie b. 4. Oslo
- Dahl, W. (1981): **Norges litteratur 1814–1884**. Oslo (Dei andre bøkene i denne serien er også nyttige.)
- Elling, C. (1909): **Vore Folkemelodier**. Kristiania
- Elling, C. (1914): **Vore Kjæmpeviser**. Kristiania
- Elling, C. (1922): **Norsk Folkemusikk**. Kristiania
- Elling, C.: **Norske Folketoner**. Hefte 2. Kristiania
- Eriksen, T. (red.) (1980): **To skilling for en sang**. Folkelige viser i Nord-Norge. Tromsø
- Gjendem, A. (1979): **Musikanter i Romsdal**. Molde
- Gjærder, P.M. (utg.) (1908): **Nokre gamle visestubbar og rim ifrå Nordmøre og Romsdalen**. Volden
- Heyerdahl, H. (1848): **Historiske Sange fra Norges Fortid**. Kristiania
- Hola, Ola (1980): **Gammalt frå Nesset, bind 1**, Molde
- Hukkelberg, M. (1978): **Folkeminne frå ytre Romsdal**. Molde
- Landstad, M.B. (faksimile 1968): **Norske folkeviser**. Oslo
- Lassen, H. og Pauss, B. (1884): **Læsebog i modersmaalet**. Kristiania
- Leirvoll, B. (1982): **Viser, songar og dikt frå Eresfjord og Eikesdal**. Sunndalsøra
- Liestøl, K. (1909): **Dei tvo systar**. Maal og Minne s. 37. Kristiania
- Lindeman, L.M. (1963 faksimile): **Ældre og nyere norske Fjeldmelodier**. Oslo
- Magerøy, N. og A. (1943): **Gamle visor og kvedor**. Oslo
- Magerøy, N. (1961): **«Riddarsalen». Den gamle gildeskålen i Bud**. Volda
- Moe, J. (1840): **Samling af Sange, Folkeviser og Stev**. Kristiania
- Molde, H-S. (1981): **Skillingsviser 1558–1951 i Det Kgl. Norske Videnskabers Selskabs bibliotek**. Trondheim
- Norsk folkediktning (1977): **Folkeviser**. Oslo. Det Norske Samlaget
- Prøysen, A. (1972): **De gamle visene**. Oslo
- Prøysen, A. (1973): **De gamle visene**. Oslo
- Prøysen, A. (1975): **Skillingsviser**. Oslo
- Rein, K. (1984): **Stadsbygd**. Trondheim
- Rekdal, O. (1933): **Eventyr og segner. Folkeminne frå Romsdal**, Oslo
- Romsdals Amt/Møre og Romsdal Fylke (1933), Ålesund
- Røe, M.A.I. (1862): **Aandelig Visebog eller Christelige Sange samlede og udgivne af M.A.I. Røe**. (1. utgåve 1847). Christiansund
- Røe, M.A.I. (1925): **Lys i Mørket eller Bondebiografien**. Molde
- Sande, O. (1910): **Norske Tonar fyr heim og skule**. Volden
- Sanden, J. (1981): **Ro fram, la gå not!** Molde
- Sandvik, OM. (1948): **Folkemusikk i Gudbrandsdalen**. Oslo
- Schnitler, H.P. (1974): **Beskrivelse over Romsdals Fogderie 1768 og 1789**. Molde
- Skeidsvoll, A. (1922): **Romsdalsvise frå 1749**. Romsdal Sogelags årsskrift. Molde
- Skeidsvoll, A. (1959): **Bygdebok for Tresfjord**. Bergen
- Storm, E. (1781): **Døleviser**
- Støylen, B. (1955): **Claus Frimann 1746–1829**. Bergen
- Sæbø, A. (1960): **Gamle juleskikkar i indre Romsdal**. Særtrykk frå Åndalsnes Avis. Åndalsnes
- Tegnér, E. (1825): **Frithiofs Saga**. Stockholm
- Tonberg, B. (udatert): **Toner fra Romsdal**. København
- Øverås, A. (1941): **Romsdalssoega. II**. Molde
- Welhaven, J.S. (1851): **Udvalg af Claus Frimanns Sange**. Kristiania.

# Førstelinjeregister

Her er teke med første linja i kvar tekst, unnateke dei visene som har første linja eller første ordet til tittel.

Førstelinje	Visenummer
Agnetta hun sat ved den hollandske bro .....	2
A siger a,B siger b .....	3
Blandt bedste Ting som Himlen gav.....	23
Blandt syv av verdens underverker.....	48
Bruragrauten e god, det må i no seie .....	40
Den røskat titter afgjerdet ud.....	54
Det er den største dårskap som i verda vera må.....	10
Det kom en rytter på vår gård, sagde bonden .....	8
Det kom to friarar på ein gard.....	28
Det var ein gong ei kjærring .....	72
Det var en aften silde,jeg kom til Stockholms stad.....	45
En bonde på landet kan have det så godt .....	57
En båt så sent om kvelden gled ut fra Molde havn .....	15
En lørdagsaften jeg gikk meg en tur .....	19
En vise vil jeg syng om Lise Noragrend .....	43
Fanejunker Kjærvik har ei fått, san.....	66
Fanteguten sto utpå kloppen og gret.....	42
Herr Zinklar drog over salten Hav .....	56
Ho Siri låg på lemma og log .....	74
Hør til og giv Agt.....	53
I V estnæs leved dem i landlig Ro, san .....	64
I året sytten hundre og åtteti og tre .....	55
Jeg syndefulde vil nedfalde .....	20
Kattå låg uti gruen sjuk .....	37
Kelle mina melljå .....	94
Kjæringja ho va ballfeitelaus .....	5
Kjæringja mi ho heit' ikkje fru .....	75
Kjæringja mi skal no heite fru .....	75
Kommer hit min venner.....	35
Kråkå ho sat på ljørå og gol.....	41
Man siger at brennvinn er verdens fornemste ruin .....	69
Nu vil vi om tobakken syng en sang .....	62
Nu är att säga, huru .....	22
Og dølen gjekk på gata.....	70
Og grisen hadde tryne .....	24
Og jenten våre dei er no so rare .....	78
Og kjerringja ho blei bitter sinna .....	81
Og Wahlstrøm steg i båten .....	67
Sjå blinkfyra .....	52
Snart skal vi nu have valg igjen, san .....	60

Førstelinje	Visenummer
Solen bakom Vesterfjellet daler .....	9
Tidlig man mærker, bjørnen er bamse. ....	27
To herrer derom skrive fra Brittens kongerig .....	59
Vi er valgmænd – tænk, hvor stolt og prægtigt.....	63
Å, Fader gjer meg til eit ljøs .....	6
Å, inkje vil I no sture .....	71

## Etterord

Første utgave av «Syng som folk» kom i 1984, og gjennom ganske lang tid har den vært utsolgt. Alt for en del år siden kom derfor spørsmålet opp om ny utgave. Dette tok jeg på meg, men tida strekker ikke alltid til, «det er denne skulin som stendig heftar meg burt», som en vis skolemann sa.

En tanke var å presentere notene i dataskrift og med besifring. Vi var i kontakt med de som stod for 1. utgave, og de var positive. Henning Sommero var, med rette, noe skeptisk til besifring, så det har jeg lagt bort i det videre arbeid med boka.

Jeg vil takke de opprinnelige utgivere av 1. utgave for velvilje, likedan kunstneren Paul Gåsøy som stilte sine illustrasjoner til rådighet for 2. utgave. Da ryktene begynte å svirre om 2. utgave fikk Romsdal sogelag tilsendt en fullstendig tekstgjennomgang av 1. utgave fra førsteamanuensis Terje Aarset i Volda, dette var svært verdifullt. Avgangsklassen år 2000 på musikklinja ved Molde videregående skole skrev inn melodiene på data, men ettersom tida gikk kunne bare en del av dette brukes videre, men det sparte meg likevel for mye arbeid. Takk også til dere!

Til slutt vil jeg takke Bjørn Austigard for god hjelp som pådriver, diskusjonspartner og korrekturleser, uten han ingen bok! Takk også til Mette Heimdal Eik ved EKH trykk.

*Molde, september 2003*  
*Rolf Strand*